

Trygt og godt skulemiljø i Klepp kulturskule


Visjon: Med blick for alle

Målsetjing:

- Klepp kulturskule vil vera ein skule der opplæring innan kulturfaga bidreg til å skapa levande kulturinteresse i kommunen
- Klepp kulturskule skal vera eit ressurscenter for alle relevante samarbeidspartnarar i kommunen
- Klepp kulturskule skal gje eit tilpassa tilbod til alle barn og unge som ynskjer det og som er busett i Klepp kommune
- Kulturskulen skal vera ein attraktiv arbeidsplass som tiltrekker seg og utviklar dyktige medarbeidarar

Pedagogisk grunnsyn:

- Kulturskulen skal gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet
- Kulturskulens brukarar skal oppleva at skulen tek utgangspunkt i den einskilde sine behov og føresetnader, uavhengig av etnisitet eller sosial bakgrunn
- Skulen skal gjennom læring og meistring stimulere til utvikling og livskvalitet



Innhald

Innhald

Trygt og godt skulemiljø i Klepp kulturskule	1
Visjon: Med blick for alle.....	1
Målsetjing:.....	1
Pedagogisk grunnsyn:	1
Lovheimel og Kulturskulens formål (Stortingsmelding 18)	3
Opplæringslova Kapittel 26 Kulturskule	3
Meld. St. 18 (2020–2021) Oppleve, skape, dele — Kunst og kultur for, med og av barn og unge .	3
FNs barnekonvesjon	4
Samarbeid med foreldre/føresette	5
Elevane sitt skulemiljø	6
Forventningar	7
Tilsette:	7
Elevar:	7
Føresette:	7

Lovheimel og Kulturskulens formål (Stortingsmelding 18)

Opplæringslova Kapittel 26 Kulturskule

§ 26-1.Kulturskole

Kommunen skal ha eit tilbod om kulturskole til barn og unge, organisert i tilknytning til skolen og kulturlivet.

§ 26-2.Formålet med kulturskolen

Kulturskolen skal leggje til rette for at elevane får delta i ulike aktivitetar der dei får lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk, i eit trygt og godt skolemiljø.

Meld. St. 18 (2020–2021) Oppleve, skape, dele — Kunst og kultur for, med og av barn og unge

Kulturskulens formål

Formålet til kulturskolen er å gi eit undervisningstilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn og unge, uavhengig av kvar dei bur og økonomi.

I kulturskolen skal elevane få lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskolen skal òg bidra til å kvalifisere elevar med særleg interesse og motivasjon for opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Tilbodet skal bidra til danninga barn og unge får, til å fremje respekt for den kulturelle tilhøyrsele andre har, til bevisstgjerung av eigen identitet og til å utvikle evna til kritisk refleksjon.

Kulturskolen er open for personar i alle aldrar, men barn og unge frå 0 til 19 år er primærmålgruppa, og barn i skolealder, til og med vidaregåande opplæring, skal prioriterast. Kulturskolen skal vere både ein skoleaktivitet, ein kulturaktivitet og ein fritidsaktivitet.

Kulturskolen skal gi elevane moglegheit til å medverke. Elevane skal erfare at dei blir lytta til, at dei har reell innverknad, og at dei kan påverke det som vedkjem dei.

Kulturskolen bør vere ein samarbeidande aktør med barnehagen, grunnopplæringa, SFO, anna kulturliv og frivillige aktørar i den enkelte kommunen. Kulturskolen kan vere eit lokalt ressurscenter.

Det er eit mål at alle kulturskolar skal ha eit breiddetilbod og eit kjernetilbod. Nokon kulturskolar i kvart fylke/region kan ta eit særskilt ansvar for fordjupingstilbod og talentutvikling.

Ein kulturskole for alle inneber at alle, uavhengig av bakgrunn, føler seg velkomne. Kulturskolen bør spegle av mangfaldet i samfunnet gjennom eit breitt samansett tilbod av undervisning, formidling og skapande verksemd

FNs barnekonvensjon

Noreg ratifiserte FNs barnekonvensjon den 8. januar 1991, og i 2003 vart barnekonvensjonen med tilleggsprotokollar tatt direkte inn i norsk lov gjennom lovene om menneskerettar § 2-4. Retten barna har til kunst og kultur, er nedfelt i barnekonvensjonen artikkelane 30 og 31:

Artikkel 30:

I stater hvor det finnes etniske, religiøse eller språklige minoriteter eller personer som tilhører en urbefolkning, skal et barn som tilhører en slik minoritet eller urbefolkningen, ikke nektes retten til sammen med andre medlemmer av sin gruppe å leve i pakt med sin kultur, bekjenne seg til og utøve sin religion, eller bruke sitt eget språk.

Artikkel 31:

1. Partene anerkjenner barnets rett til hvile og fritid og til å delta i lek og fritidsaktiviteter som passer for barnets alder og til fritt å delta i kulturliv og kunstnerisk virksomhet. 2. Partene skal respektere og fremme barnets rett til fullt ut å delta i det kulturelle og kunstneriske liv og skal oppmuntre tilgangen til egnede og like muligheter for kulturelle, kunstneriske, rekreasjons- og fritidsaktiviteter

Samarbeid med foreldre/føresette

Ein viktig faktor for at eleven skal lykkast, er at både foreldre/føresette og lærarar er engasjerte og støttande og har forventningar til at eleven skal lære. Løpande kontakt mellom kulturskule og heim om elevens utvikling, trivsel, frammøte og øvingsinnsats er avgjerande for utviklinga og framgangen til eleven.

Elevar og foreldre/føresette skal gjerast kjende med kva forventningar kulturskulen har til elevane sin innsats i dei ulike programma. Dei skal også gjerast kjende med kulturskulen sin læreplan for det aktuelle faget og kva slags undervisningstilbod dei kan vente. Dei krav og forventningar læraren har til resultat, betyr mykje for innsatsen og motivasjonen til eleven. Det skal utarbeidast tydelege og konkrete mål for kva eleven skal lære, og læraren må kunne diskutere og formulere kva som kjenneteiknar gode læringsprosessar

Den personlege, kunstnariske og handverksmessige veksten og meistringa til eleven er det viktigaste målet for opplæringa. Kulturskulelæraren må lære eleven å ta ansvar for eigen innsats i og mellom undervisningstimane. Metodar for å integrere treninga og øvinga til eleven i opplæringa bør vere eit prioritert tema i undervisninga.

I løpet av skoleåret gjennomførast utviklingssamtale der læraren og eleven møtest saman med foreldre/føresette og der eleven sin læringsprosess og læringsresultat, trivsel og innsats, er tema for dialog og vurdering.

Hovudarenaene for elevane si læring er undervisningstimane og heimearbeidet. Men læring går også føre seg i andre samanhengar. Å ta del i ulike samanhengar for formidling er ein viktig del av ein læringsprosess. Særleg blir motivasjonen styrkt når elevane får samhandle med andre som har kome lenger enn dei sjølve. Elevane må få høve til å undre seg og eksperimentere, til å vere forskarar. Dei må få oppdage kunstnariske uttryksmiddel og ta dei i bruk.

Elevmedverknad og motivasjon heng saman. Gjennom dialog mellom elevane og læraren, der elevane får vere med og leggje planar, utvikle evne til eigenvurdering, seie si meining om miljøet på kulturskolen, undervisninga og korleis dei lærer, får elevane mogelegheit til å verke inn på sin eigen læringsprosess og eigen trivsel.

Elevane sitt skulemiljø

Kapittel 12 i opplæringslova som omhandlar elevanes sitt skulemiljø gjeld ikkje for kulturskulane. Sjølv om denne delen av opplæringslova ikkje er lovfesta for kulturskulen er det naturleg for Klepp kulturskule at intensjonen i lovteksten følges i kulturskulen og ligg til grunn for kulturskulens arbeid med skulemiljøet.

Eleven sitt skulemiljø i kulturskulen

1. Retten til eit trygt og godt skulemiljø.

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

2. Nulltoleranse og førebyggjande arbeid.

Kulturskulen godtek ikkje krenkjande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Kulturskulen arbeider kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skulemiljø.

3. Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø.

Alle som arbeider i kulturskulen, skal følgje med på korleis elevane har det, og om mogleg gripe inn dersom nokon krenkjer ein elev.

Alle som arbeider på kulturskulen, skal melde frå til rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Det gjeld også når ein elev seier sjølv at ho eller han ikkje har det trygt og godt. Kulturskulen skal snarast undersøkje saka og rette opp situasjonen med eigna tiltak. Rektor skal melde frå til skulesjef i alvorlege tilfelle.

4. Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på kulturskulen, krenkjar ein elev.

Dersom ein som arbeider på kulturskulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på kulturskulen, krenkjer ein elev, skal vedkommande straks melde frå til rektor. Rektor skal melde frå til skulesjef, med mindre meldinga er openbert grunnlaus.

Dersom ein som arbeider på kulturskulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein i leinga ved kulturskulen krenkjer ein elev, skal vedkommande melde frå til skulesjef direkte.

Forventningar

Tilsette:

- Skapa eit trygt læringsmiljø
- Elevar og eksterne samarbeidspartnarar behandlast med respekt.
- Elevane får jamlege tilbakemeldingar på eigen utvikling.
- Alle elevar skal ha målsetjingsamtale i starten av skuleåret.
- Det gjennomførast utviklingssamtaler i 2. semester
- Ha gode og synlege planar for den einskilde elev/gruppe.
- Me heiar på kvarandre og gir ros og støtte.
- Me gir kvarandre konstruktive tilbakemeldingar.
- Utad omtaler me elevane som våre elevar.

Elevar:

- Respektere skulen sine reglar og bidreg til at alle har det bra.
- Seier i frå til ein vaksen om dei ser nokon som blir plaga av andre
- Tar godt vare på kulturskulens instrumenter og utstyr.
- Kommer presis til timane og gir beskjed ved fravær.
- Møte førebudd på timane.

Føresette:

- Snakka positivt om skule og læring.
- Følgje med på det som kjem av informasjon frå skulen (halde seg oppdatert).
- Hjelp barnet med å innarbeida gode rutinar for øving (litt kvar dag).
- Reflektera saman med barnet korleis det går.
- Deltek på utviklingssamtalar/foreldremøte
- Følgje opp elevar på konsertar/framsyning

Kulturskulen som organisasjon:

- Ha fokus på gode rutinar som sikrar at skulemiljø jamleg blir teke opp i personalgruppa
- Ha fokus på at lærarar ikkje skal vera åleine vaksenperson i lokala kulturskulen bruker (interne/ eksterne)
- Ha fokus på eit godt arbeidsmiljø for tilsette og elevar